

---

Saksnr: 2021/6917-1  
Saksbehandlar: Atle Skrede  
Dato: 03.03.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Naturmøteplassar i Vestland – støtte frå Gjensidigestiftelsen

Gjensidigestiftelsen sette av 25 millionar til ei støtteordning for tilrettelegging av møteplassar for naturoppleving, fysisk aktivitet, læring og sosialt fellesskap, kalla «Naturmøteplassen». Kr 2,55 mill. av desse midlane er løyvd til tre prosjekt i Vestland, alle med fokus på universell tilrettelegging. Vestland fylkeskommune laga ei pressemelding om tildelinga - <https://www.vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2021/over-25-millionar-til-naturmoteplassar-i-vestland/>

Stiftinga har gode erfaringar med samarbeid med fylkeskommunane gjennom «Turskilt-prosjektet» og, ønskte å føre vidare denne samarbeidsforma inn i denne tilskotsordninga, ettersom fylkeskommunen har god oversikt over potensielle aktørar. Dette gjaldt først og fremst kommunar, med prosjekt som kunne passe støtteordninga. Tiltaka skal vere førebilete for andre delar av landet og skal så langt som råd realiserast i 2021.

Fylkesdirektøren delte temaområda i tre og fekk støtte etter framlegging til Gjensidigestiftelsen;

- A) Vidareutvikling og forsterking av områda rundt dagsturhyttene som sosial møteplass med stor vekt på universell utforming
- B) Tilrettelagte fiskeplassar, badeplassar og vannsport med stor vekt på universell utforming
- C) Kysthyttesatsing i regi av Bergen og Hordaland Turlag

Fylkesdirektøren har lagt til grunn kunnskapsdeling og teke ei koordinerande rolle i digitale planleggingsmøter med både kommunar, idrettslag, friluftsråd og andre. I starten var det om lag 25 ulike områder i ulike kommunar aktuelle med god geografisk spreiding i Vestland. Kysthytte-satsing til Bergen og Hordaland Turlag vart ikkje prioritert i denne runden. Seks enkeltvise søknader frå satsing A og B med fokus på universell tilrettelegging, vart sendt inn som vist under markert utheva der dei som fekk støtte;

Kommune	Område	Tiltak	Søknadssum Gjensidigestiftelsen	Fylkeskom munale midlar	Kommunale midlar og lokal finansiering
Alver	Byngjo	Universell utforma sti og rampe til dagsturhytta	<i>500 000 (innvilga)</i>	70 000	267 000
Masfjorden	Grøttneset	Universell utforma sti	172 000	50 000	35 000
Gloppen	Trivsselskogen	Universell utforma sti til rampe	425 000	70 000	1 055 000
Kinn	Deknepoll vatnet		<i>1 025 000 (innvilga)</i>	130 000	525 000
Luster	Hafslovatnet		<i>1 025 000 (innvilga)</i>	130 000	330 000

Vaksdal	Træet	Universell utforma turveg	50 000	50 000	50 000
---------	-------	---------------------------	--------	--------	--------

Total søknadssum til Gjensidigestiftelsen var 3 247 000 kr. og 2 550 000 kr. vart innvilga. Samla kostnad for alle prosjekta er i underkant av 15 millionar. Alle prosjekta søker spelemidlar som del av finansieringa.

KULII løyvde i sak PS 176/2020 25. november 2020 inntil 500 000 kr. til delfinansiering av søknadar til naturmøteplassar til Gjensidigestiftelsen. Kommunale løyvingar på minimum same nivå som fylkeskommunale løyvingar vart sett som føresetnad.

Fylkeskommunen har fått mykje positiv omtale frå søkerane. I rolla som regional utviklingsaktør er det viktig med stimuleringsmidlar og god prosjektoppfølgjing for å kunne nå visjonen; *fysisk aktiv kvar dag*.

«Vi ser at eit tett samarbeid med kommune og fylkeskommune er ein svært viktig faktor i planleggingsfasen av nye prosjekt. Det er spesielt inspirerande at vi no ser konturane av eit større nettverk i Vestland. Der kan vi hente kunnskap og informasjon frå både administrativt hald og frå andre som driv frivillig arbeid», seier Jørgen K. Blålid, leiar for turgruppa i Skavøypoll idrettslag, og Erling Bjørnetun, kultursjef i Luster kommune.

«Både i Byngja, ved Hafslovatnet og i Deknepollen vil alle - uansett alder og funksjonsnivå - få høve til aktivitet, friluftsliv og fine naturopplevingar. Møteplassane kjem dessutan i stand gjennom spleiselag og samarbeid mellom frivillige, offentlege og private aktørar, noko vi ser etter i ordningane våre. Vi gler oss til å sjå resultatane etter kvart, og ønskjer lukke til med gjennomføringa», seier Heidi Løchen i Gjensidigestiftelsen.